

Uskedalen toppar fotballskulen

25.06.2015



Mellom Brannspelarane Kristoffer Barmen og Bismar Acosta sit uskedelingan Filip Sjo Musland og Elias Jensen Eide

TINE fotballskule vert avslutta imorgon og det har vore rekord-deltaking med 150 kan eldsjelen Arvid Nes i Rosendal slå fast. I Husnes nådde dei opp i 120. Nes kan også opplysa at Uskedalen toppar deltagarlista med 42, noko han karakteriserar som fantastisk bra. At det kjem så mange som 270 fotballrekruttar frå ein kommune er også nesten oppsiktsvekkjande. 25 instruktørar tek seg av dei og 2 er frå Uskedalen - det er Ingebjørg Haugland og Hermund Døssland. Dei eldste elevane er født i 2001 og dei yngste i 2009.

Toppen i dag har vore den tradisjonelle visitten av 2 Brannspelarar som har delteke i instruksjonen av dei unge. Kristoffer Barmen er den eine og han har vore her før. Men det har slett ikkje den andre - Bismar Acosta frå Costa Rica - han er ny av året i Brann.

Arvid Nes er imponert over at klubben maktar å senda 2 spelarar år etter år.



150 deltagarar er rekord i Rosendal

Vertilhøva har vore vekslande dette året, men det spelar ingen rolle. Arvid er imponert nok eingong over interessa og engasjementet til dei unge. Han er også imponert over kor mange skiver brød dei set til livs i frokosten!

Gjennom den tiårsperioden han har leia dette tiltaket har Arvid gjort ein stor jobb med å organisera det på beste måte og han legg nok ikkje opp med det fyrste.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen